

# Oi, på nynorsk!

## – eit innføringskurs på nett

I Språkrådets nye nettkurs får du verktøy som gjer deg tryggare på å bruke nynorsk i arbeidskvarden. Innhaldet i kurset er basert på det som usikre nynorskbrukarar strevar mest med, og som det samstundes er lett å gjere noko med.

Her er ei oppsummering av den viktigaste lærdommen i kurset:

### FORVALTNINGSORD

#### Litt likt, eller heilt annleis?

Somme forvaltningsord på nynorsk liknar litt på bokmålsorda, medan andre er heilt annleis. Det er inga skam å slå opp i ordboka!

Av og til er det greitt å bruke ord som sluttar på -heit, men det finst ofte betre alternativ:

- kortare ord
- ord som endar på -dom, -leik, -skap
- ord som endar på -semnd, -løyse

Desse orda er nyttige å kunne: løyve, vilkår, rettleiing, verksemd, teieplikt

### VERB

#### Bruk fortidstesten

Om du kasta **terning** i går, så **kastar** du han i dag.

Om lampa lyste **i** går, så **lyser** ho i dag.

#### Alltid kortform i notid av j-verb!

fortelje: Else **fortel** om møtet med departementet.  
spørje: Lars **spør** om referatet er klart.

### SUBSTANTIV

Bøyingsssystemet liknar på det som er i bokmål, men fleirtalsendingane er litt annleis.

Hovudreglane for substantivbøyng:

ein rapport – rapporten – rapportar – rapportane  
ei sak – saka – saker – sakene  
eit møte – møtet – møte – møta

Det er først og fremst hankjønnsorda som skal ha endingane -ar og -ane i fleirtal.

Det viktigaste unntaket er hokjønnsord som sluttar på -ing:  
ei stilling – stillinga – stillingar – stillingane



Meny	
INTRODUKSJON	2 min ▾
NYNORSK I DAG	4 min ▾
FORVALTNINGSORD	6 min ▾
VERB	7 min ▾
SUBSTANTIV	6 min ▾
PRONOMEN OG EIGEDOMSORD	3 min ▾
SPRÅKFØRING	18 min ▾
KVISS	4 min ▾

### PRONOMEN OG EIGEDOMSORD

Bokmål: dere – dere – deres

Nynorsk: de – dykk – dykker eller dokker – dokkar

### SPRÅKFØRING

#### Ver konsekvent!

Fleire ord og bøyingsformer er valfrie i nynorsk, men du må vere konsekvent i bruken. Hugs spesielt å halde deg til éi ending i infinitiv, anten -e eller -a.

For å kunne **handsome** **saka** ber vi deg sende oss relevante dokument.

For å kunne **handsama** **saka** ber vi deg senda oss relevante dokument.

#### Hugs alltid hjelpeverb om du bruker passiv!

Ingen **kan** straffast for uhellet.

Alle **blir** kontakta når fristen er ute.

#### Bruk s-genitiv mindre enn i bokmål!

Ofte er det lurt å skrive om:

byråets nettside → nettsida til byrået  
partiets program → partiprogrammet

S-genitiv er greitt i særnamn:

Eles **s** kontor, Noregs **s** idrettshøgskole

Ta kurset her: [språkrådet.no/nettkurs](http://språkrådet.no/nettkurs)